



PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE FOR YTRE SOGN OG -SUNNFJORD

PPT for Ytre Sogn og -Sunnfjord er ei felles teneste for kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Solund.

Arbeidsmåtar i samarbeidet PPT – barnehagane/skulane.

PP-tenesta er kommunen sin sakkunnige instans i saker om spesialpedagogisk hjelp og skal syte for at det blir utarbeidd lovpålagte sakkunnige vurderingar. PP-tenesta skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge til rette barnehage tilbudet for barn med særlege behov, jf. Barnehagelova §33.

PP-tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jf. Opplæringslova §11-13. PP-tenesta skal òg hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Dei tilsette i PPT har fagkunnskap i høve:

- Pedagogisk/spesialpedagogisk kompetanse
- Psykologisk kompetanse

Kva gjer PPT.

- PPT er barnehagen og skulen sin næraste samarbeidspart i spørsmål som gjeld trivsel og læring for barnehageborn/elevar
- PPT er sakkunnig instans der lova krev det
- PPT gjer utgreiing kring fagvanskar eller andre vanskar. Dei gjev råd til barnehage tilsette, lærarar og foreldre om tilhøve som gjeld utviklinga til barnet/eleven eller opplæringa. Det er viktig å sjå barnet/eleven i samhandling med miljøet
- PPT samarbeider nært med barnehagar/skular og har pedagogiske drøftingar med styrar/rektor, barnehagepersonell, rådgjevar og kontaktlærarane på skulen. Dei vitjar og barnehagar/klassar
- PPT arbeider både på individnivå (einskildbarn) og på systemnivå (grupper/klassar) og barnehagar/skular
- Før PPT kan møte elevar under 15 år, må det først fyllast ut eit tilvisingsskjema med foreldra si underskrift. Når eleven er over 15 år må den signere sjølv på skjema

Samarbeid med andre.

PPT samarbeider med dei andre hjelpeinstansane i kommunane (helsestasjon, lege, barnevern, fysioterapeut), på fylkesnivå med t.d. Sentralsjukehuset (psykiatrisk poliklinikk og barneavd./barnehabilitering) og på statleg nivå med Stat ped. PP-tenesta kan difor hjelpe deg med å kome i kontakt med desse instansane.

PPT kan kontaktast i høve

- generell utvikling hos barnet
- psykisk helse hos barnet
- den sosiale og emosjonelle utviklinga
- språkutviklinga
- åtferdsvanskar
- lærevanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar
- konsentrasjons- og merksemdsproblem

PP-tenesta er gratis for elevane og foreldra.
Alle som arbeider i PP-tenesta har teieplikt.

Korleis ta kontakt.

Når foreldra ønskjer kontakt med PPT er det vanlegast at dette vert ordna gjennom barnehagen eller skulen. Føresette har òg høve til å kontakte PPT direkte ved å nytte telefonnummer 57738032.

Med helsing
Berit Louise Bjørnsen
Leiar